



Promenaden Eiendom AS
Kvernhusmyrane 7
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/27 - 16/27758

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
06.10.2016

Pålegg om installering av fettutskiljar ved Jumjum i Promenaden - gbnr 188/534 Gjervik Ytre

Teknisk drift syner til vårt brev av 20.09.2016 der vi varsler om pålegg om installering av fettutskiljar ved Jumjum Promenaden – gbnr 188/534 Gjervik Ytre.

Vedtak:

Med heimel i forureiningsforskrifta § 15A-4, forskrift for fettutskiljar Lindås kommune (02.02.2006) og «Standard abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser» vert det med dette brev fatta **vedtak om pålegg** om installering av fettutskiljar ved Jumjum i Promenaden – gbnr 188/534.

Teknisk drift sett nå ei endeleg frist for å få på plass lovpålagt fettutskiljar ved Jumjum Promenaden – gbnr 188/534.

Frist vert sett til: **torsdag 01.12.2016.**

Før installering av fettutskiljar skal rørleggjar sende inn registreringsmelding på utskiljaranlegg for godkjenning hos Teknisk drift. Vi minner om at i Lindås kommune er det sett krav til minste tilletne størrelse på utskiljaranlegg i forskrift for fettutskiljar Lindås kommune. Minste tillatte størrelse er satt til NS 4. Med registreringsmelding skal det leggest ved berekningsgrunnlag for val av størrelse på anlegg og teikningar/situasjonskart som viser kor anlegg er plassert i /utenfor bygg, samt kor tilknytingspunkt til offentleg leidningsnett er lokalisert.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:



Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avlaup

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Einingsleiar Teknisk drift, VVA.

Mottakarar:

Promenaden Eiendom AS

Kvernhusmyrane 7 5914

ISDALSTØ